

## **ORGANISERING STORD KOMMUNE 01.07.09 –**

### **Visjon**

*“Saman om utvikling og velferd” (K-plan 2004 – 2015, vedteke i K-styret januar 06)*

### **Verdigrunnlag**

- *“Innbyggjarane får så gode tenester som råd er innanfor dei rammene som er til rådvelde.*
- *Kommunen har brukarorienterte, opne, kompetente og nyskapande medarbeidarar.*

*Det vil seia at dei som arbeider i Stord kommune:*

- *er venlege, blide og har omtanke for andre*
- *respekterer kvarandre og brukarane*
- *er målretta og samarbeider om å finna nye og betre løysingar*
- *får bruka og utvikla kompetansen sin*

### **Organisasjonsprinsipp**

#### Einingar:

*Kommunen er delt inn i einingar. Kvar eining har definerte oppgåver, og einingsleiaren har vide fullmakter gjennom delegasjonsreglement og leiaravtalen. Innanfor tildelte rammer finn einingsleiaren og medarbeidarane dei beste løysingane for brukarane sine.*

*Så langt råd er skil ein mellom einingar/funksjonar som arbeider med forvaltning/utøving av mynde/kontrollverksemd og einingar som utfører tenester for innbyggjarane.*

*Berande prinsipp for organiseringa er å tenkja heilskap og finna tverrfaglege løysingar når brukarane har trong for det.*

*Alle medarbeidarane høyrer til i eit arbeidslag. Arbeidslaget v/lagleiar har fullmakter frå einingsleiar slik at ein finn praktiske løysingar så nært tenestemottakaren som råd er (nærleing).*

#### Stab/støtte

*Stabs-/støttefunksjonar er organisert slik at ein tar ut stordriftsfordelar og er kostnadseffektive. I særlege tilfelle kan medarbeidarar i stabs- og støttefunksjonar vera lokalisert ute i einingar, særleg i større einingar.*

*Ei eiga tverrfagleg gruppe koordinerer og systemiserer arbeidet med økonomiplan, budsjett-/fagkontroll, brukar-/medarbeidarundersøkingar, årsmelding og oppfølgingssamtalar mellom politikarar, innbyggjarar og medarbeidarar. Kommunen nyttar metoden balansert målstyring (BMS) og naudsynt kvalitetssikringsverktøy i dette arbeidet.*

*Større faglege og tverrfaglege prosjekt, planar undersøkingar m.m. skal vera kvalitetssikra og forankra økonomisk og på oppfølgingssida. Kommunen nyttar PLP- metoden som prosjektutviklingsmetode.*

*Kommunen og den enkelte eininga har utarbeidd kompetansehevings- og utviklingsprogram. Kommunen har eigne program for å sikra kvalifisert arbeidskraft.*

#### Strategisk leing

*Strategisk leing fungerer som eit arbeidslag, men likevel slik at den enkelte einingsleiar rapporterer til ein av dei. Rådmannen gjev vide fullmakter til einingsleiarane.*

*Med bakgrunn i dei vedtekne prinsippa organiserer rådmannen den praktiske verksemda, men likevel slik at større endringar vert meldt til Driftsstyret.” (K-styret sak 22/07, 30.05.07)*

**Einingane:****Tingar/forvaltningseiningar:**

Kundetorget

Regulering, byggesak, oppmåling

**Utførareiningar:**

Furuly barnehage

Skogatufto barnehage

Trodlahaugen barnehage

Tjødnalio barnehage

Sagvåg og Litlabø barnehage

Huglo skule

Rommetveit skule

Hystad skule

Leirvik skule

Langeland skule

Tjødnalio skule

Sagvåg skule

Litlabø skule

Stord ungdomsskule

Nysæter ungdomsskule

Habilitering

Heimebaserte tenester

Stord sjukeheim

Aktivitet og rehabilitering

Kulturtenester

Stord folkebibliotek

Stord kulturskule

Brann og feiing

Sosial og førebyggjande teneste

NAV-kommune

Stord hamnevesen

**Einingsleiar:**

Svanhild Solhaug

Ove Kvalnes

Ragnhild Storebø

Hildebjørg Røssberg

Karin Steinsvåg

Helena S Kvarme

Eli Sandnes

Laila E Føyen

Helge Hammersland

Liv Skjønberg

Bjarte Bongom

Øyvind Nordlie

Sigrid Røsseland

Lars Bakka

Hans Gunnar Skreslett

John Karsten Raunholm

Trude Aamot

Annlaug Tenold

Britt Sørensen Dalsgård

Ester Aasen

Astrid Larsen

Herdis Belsvik

Bjørnar Withbro

Åge Vallestad

Børge Presthaug

Else-Berit Helle

Siren Eldøy Hinderaker

Arvid Sandnes

**Kommunale føretak:**

Stord vatn og avlaup KF, inkl veg og trafikk

Stord kommunale eigedom KF

Sivert Håland

Olav Eide

**Einingleiaren/Oppbygging av einingane**

Einingsleiaren er ansvarleg for å organisera eininga best mogleg i høve dei oppgåvene som skal løysast, og slik at det vert eit godt arbeidsmiljø. M.a. skal einingsleiaren organisera eininga i arbeidslag/team som har fullmakter til å finna dei beste løysingane for brukaren innanfor dei rammene som er til rådvelde.

Einingane er resultateiningar med eigen leiar. Einingsleiaren har budsjettansvar med ansvar for oppnådde resultat i samsvar med vedteken verksemdplan/resultatplan for eininga.

Einingsleiaren har personalansvar, ansvar for rekruttering til ledige stillingar, og det faglege og administrative ansvaret.

Einingsleiaren kan få oppgåver utført av andre og delegera/gje fullmakter til medarbeidarane sine.

Samordning av tenester må prioriterast der det er behov for å gje tverrfaglege tilbod til brukarar som treng det.

Leiarane for arbeidslaga/teama har einingsleiar som overordna, og rapporterer direkte til einingsleiar.

**Interkommunalt samarbeid:**

Landbruk/miljø (Stord/Fitjar)	Audun Inge Torvund
Sunnhordland interkommunale barnevern (Stord/Fitjar/Bømlo)	Trine Hjertholm
Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum	Odd Magne Agdestein

**Interne støtiefunksjonar:**

Sekretariatet	Elin Ravnskog (koordinator)
IKT	Gisle Østrem
Rekneskap og løn	Morten Fadnes

**Interne stabsfunksjonar:**

Personalgruppa  
Økonomigruppa

**Gruppeleiar:**

Tore Tveit, personalsjef  
Hege Etterlid, økonomisjef

**Utviklingsgruppa:**

Dagleg leiar Sunnhordland Interkommunale innkjøpsforum	Odd Magne Agdestein
Prosjektleiar	Kjell Nesbø
Skulefagleg rådgjevar	Marit Kjelby
Sakshandsamar skulesaker	Mari Espeland (33 %)
Helse- og sosialkonsulent	Trygve Dahl (koordinator)
Barnehagekonsulent	Idun Lunde
Sakshandsamar barnehage	Inger Vik Framnes (60%)
Kommunelegar	Lars Helge Sørheim (50%)
	Aasmund Storebø (27%)
Kommuneadvokat	Audvald Kvamme (20%)

Kvar av desse medarbeidarane er særleg kunnskapsrike innan fagområdet sitt og arbeider for politikarar, strategisk leiing og einingsleiarar med sakshandsaming, utvikling, kvalitetssikring, rettleiing og rådgjeving. Dei rapporterer til rådmannen eller ein av kommunalsjefane.

Oppgåvene er av overordna karakter og gjeld heile eller delar av den kommunale verksemda, og handlar om spørsmål som gjeld utvikling av samfunnet, så som K-plan, kommunedelplanar, skule-, barnehage-, kultur- og sosialfagleg planlegging og kvalitetssikring, organisasjons- og kompetanseutvikling.

Medarbeidarane har ansvar for samarbeid med eksterne partar, som t.d. fylkeskommunale og statlege organ o.a. innan det fagområdet dei representerer.

Når medarbeidarane i Utviklingsgruppa leier prosjekt, rapporterer dei om prosjektet til prosjektansvarleg.

Ved behov og eventuelt i samband med prosjekt kan andre verta trekte inn i Utviklingsgruppa.

Medlemmene i Utviklingsgruppa løyser oppgåvene i samråd med, eller etter fullmakt frå rådmann/kommunalsjef.

**Strategisk leiing:**

Rådmann Magnus Mjør

Kommunalsjefar: Knut J. Gram, Reidun Myklebust

**Særlege overordna ansvarsområde:**

Beredskap:	Knut J. Gram
Informasjon:	Magnus Mjør/kommunalsjefane
Organisasjonsutvikling:	
Samfunns- og næringsutvikling:	Magnus Mjør
Personal- og arbeidsgjevpolitik:	Knut J. Gram
Kvalitetssikring:	Reidun Myklebust

**Fordeling av politiske styringsorgan:**

<b>Kommunestyret:</b>	Magnus Mjør
<b>Formannskapet:</b>	Magnus Mjør
<b>Komite for oppvekst og utdanning</b>	Reidun Myklebust
<b>Komite for næring, miljø og kultur</b>	Reidun Myklebust/Knut gram
<b>Komite for rehabilitering, helse og omsorg</b>	Knut J. Gram
<b>Forvaltningsstyret</b>	Ove Kvalnes
<b>Driftsstyret:</b>	Tore Tveit
<b>AMU</b>	Tore Tveit

Kommunen har informasjonsreglement for tilsette.

Kommunen nyttar PLP-metoden som utviklings- og prosjektmetode.

**Rapportering:**

Einingsleiarane rapporterer til ein av kommunalsjefane eller til rådmannen. Frå 01.07.09 er fordelinga synt nedanfor, men dette kan endra seg over tid.

I hovudsak legg rådmannen følgjande prinsipp til grunn for fordelinga:

- Tenestelike einingar skal som hovudregel rapportera til same kommunalsjef
- Så langt det er mogleg skil ein mellom forvaltning og drift.
- Strategisk leiing har overordna ansvar for samarbeid og utvikling
- Strategisk leiing har tverrfagleg og heilskapleg fokus.
- Dei politiske komiteane skal ha "sin" rådmann.
- Oppgåver og arbeid vert nokolunde jamt fordelt i Strategisk leiing

Fordeling:

**Magnus Mjør:** Økonomigruppa, Rekneskap og lønn, IKT, Sekretariatet, Personalgruppa, Regulering, byggesak, oppmåling og kommunale/interkommunale selskap (Sunnhordland

Lufthamn AS, SKL A/S, Stord Sportssenter A/S, Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM), Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Stord Kommunale Eigedomsselskap A/S, SNU A/S, NAV),

**Knut J. Gram:**, Kulturtenester, Bibliotek, Heimebaserte tenester, Aktivitet og rehabilitering, Stord sjukeheim, Habilitering, Sosial og førebyggjande teneste, Brann/beredskap/feiring og Kommunale foretak: Stord vatn og avlaup KF, Stord kommunale eigedom KF, Nav (kommunal del)

**Reidun Myklebust:** Landbruk/miljø (interkommunalt), Kundetorget, Stord hamnevesen, Sunnhordland interkommunale barnevern, Furuly barnehage, Sagvåg og Litlabø barnehage, Skogatufto barnehage, Tjødnalio barnehage, Trodlahaugen barnehage, Leirvik skule, Langeland skule, Huglo skule, Rommetveit skule, Hystad skule, Tjødnalio skule, Sagvåg skule, Litlabø skule, Nysæter ungdomsskule, Stord ungdomsskule, Nordbygdo ungdomsskule og Kulturskulen,